



Innst. S. nr. 43

(2007-2008)

Innstilling til Stortinget fra forsvarskomiteen

St.prp. nr. 18 (2007-2008), kap. 451

Innstilling fra forsvarskomiteen om endringar i statsbudsjettet for 2007 under Justis- og politidepartementet

Til Stortinget

1. SAMMENDRAG

1.1 Innledning

Justis- og politidepartementet legg i denne proposasjonen fram forslag om endringar i løyvingane under diverse kapittel i statsbudsjettet for 2007. Endringsforslaga på nokre av dei regelbundne postane er mellom anna baserte på rekneskapstal pr. 30. september 2007. Departementet vil understreke at tala for forbruk på dei regelbundne postane berre er prognosar, og at dei endelige rekneskapstala kan avvike ein del frå desse prognosane.

1.2 Forslag om endringar

Kap. 451 Samfunnstryggleik og beredskap

POST 1 DRIFTSUTGIFTER

Justisdepartementet og Forsvarsdepartementet er samde om at Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) overtar Forsvarets sanitetsmagasin på Starum frå Skifte eiendom as. Ved å kjøpe dette magasinet vil det vere mogleg å opprette ein sentral logistikkfunksjon, og frigjere andre lageranlegg, som kan avhendast. Det vil gje synergieffektar i forhold til

eksisterande aktivitet på Starum, og gje grunnlag for å drive ein meir effektiv lagerfunksjon. Det vil vidare vere lager for utanlandsoperasjonar. Kjøpet vil ivareta behovet for ei omfattande modernisering av Sivilforsvarets lageranlegg. Ein annan fordel ved lageret på Starum er at det ligg på same geografiske område som Sivilforsvarets beredskaps- og kompetansesenter. Magasinet er taksert til 11 mill. kroner.

Justisdepartementet foreslår derfor å auke løyvinga under kap. 451 post 1 med 11 mill. kroner.

2. KOMITEENS MERKNADER

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Bendiks H. Arnesen, Thorbjørn Jagland og Signe Øye, fra Fremskrittspartiet, Per Roar Bredvold, Henning Skumsvoll og Per Ove Width, fra Høyre, lederen Jan Petersen, og fra Sosialistisk Venstreparti, Bjørn Jacobsen, vil vise til at Justisdepartementet og Forsvarsdepartementet er enige i at Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) overtar Forsvarets sanitetsmagasin på Starum frå Skifte Eiendom AS for 11 mill. kroner.

Komiteen merker seg at et kjøp av dette magasinet gjør det mulig å opprette en sentral logistikkfunksjon i Sivilforsvaret, som igjen vil ivareta behovet for en omfattende modernisering av Sivilforsvarets lageranlegg. Komiteen er derfor enig i forslaget om å øke bevilgningene under kap. 451 post 1 med 11 mill. kroner.

3. KOMITEENS TILRÅDING

Komiteen viser for øvrig til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre slikt

v e d t a k :

I statsbudsjettet for 2007 blir det under Justis- og politidepartementet, kap. 451, gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål	Kroner
Utgifter			
451	1	Samfunnssikkerhet og beredskap Driftsutgifter, f o r h ø y e s med	11 000 000
		fra kr 497 809 000 til kr 508 809 000	

Oslo, i forsvarskomiteen, den 27. november 2007

Jan Petersen
leder

Signe Øye
ordfører